



Saksbehandlar: Kristin Reiso Lawther  
krl@hib.no 55585972

Vår dato: 22.11.2007  
Dykkar dato: 27.09.2007

Vår ref. 2007/2476 - 0/008  
Dykkar ref.: 200704507

Det Kongelige Kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

### **Høyringsfråsegn – revidert reglement om forvaltning av eksternt finansiert verksemd ved universitet og høgskolar og om desse institusjonane sitt samarbeid med andre rettssubjekt (F-35-02).**

Vi viser til Kunnskapsdepartementets brev av 27.09.2007 (ref 200704507) om utkast til revidert reglement. Høgskolen i Bergen har handsama høyringsutkastet i Styret og har særleg merka seg fylgjande aspekt:

- Forslaget seier at styret ikkje lengre kan delegere avgjerd om aksjekjøp. Det vert vidare presentert kva krav som vert sett til rapportering for slik verksemd.
- Det tidlegare omgrepet "eksternt finansiert verksemd" (EFV) vert no omdøpt til "bidrag- og oppdragsfinansiert verksemd" (BOV), der komponentane er forsøkt definert. Forslaget omtalar korleis slik aktivitet skal organiserast.
- Omgrepet "randsoneaktivitet" er forsøkt definert eksplisitt som del av reglementet.

Høgskolen i Bergen har fylgjande kommentarar til desse aspekta:

Høgskolen ser positivt på endringane reglementet tek opp med omsyn til styret sitt ansvar. Vi ser det som tenleg at styret sitt ansvar med omsyn til aksjekjøp og organisering av eksternt finansiert verksemd vert betre avklara i framtida og har ingen merknader til dette.

Høgskolen merkar seg at det reviderte reglementet skil mellom bidragsfinansiert og oppdragsfinansiert verksemd ved å bruke omgrepet "*motytelse*" og der oppdragsprosjekt er prosjekt som medfører eit krav om motyting i avtalen mellom partane. Tidlegare var oppdragsverksemd definert som "*omsetning av forsknings-, undervisnings- og andre tjenester mot vederlag*". Motyting skal tolkast som "*levering av varer og tjenester mot vederlag (betaling)*". Det forutsettes med andre ord en *transaksjon der risiko og kontroll over en eiendel (motytelsen) overføres fra en part til en annen*". Høgskolen meiner at dette ikkje er heilt eintydig med omsyn til eksternt finansierte etter- og vidareutdanningstilbod retta mot einskildstudentar. Etersom institusjonane har høve til å delfinansiere slike tilbod (jmf føreskrift om eigenbetaling), kan dei kategoriserast som bidragsfinansiert verksemd. Samtidig vert det vanlegvis inngått individuelle kjøpsavtalar for undervisinga, dvs. at det ligg føre eit krav til leveranse (motyting), og det må takast omsyn til kjøpslov så vel som angrefristlov. Vi etterlyser difor omsyn til denne type aktivitet i nytt reglement.

Omgrepet randstoneaktivitet er definert som ”..bidrags- og oppdragsfinansiert virksomhet som institusjonen har organisert eksternt i samråd med selvstendige virksomheter, uavhengig av om institusjonen selv har aksjer i virksomheten eller ikke. Med randstoneaktivitet forståes også eierskap i selskaper med andre formål som er av særlig faglig interesse”. I rettleiinga heiter det vidare at” Definisjonen omfatter alle typer forpliktende samarbeid om oppdrags- eller bidragsfinansiert aktivitet som institusjonen har organisert eksternt, uavhengig av om institusjonen regulerer dette gjennom samarbeidsavtale eller gjennom samarbeidsavtale supplert med aksjeeierskap i den samarbeidende virksomheten”.

Både definisjonen ovanfor, som ledd i reglementet, og vedlagt rettleiing gir rom for tolking i vid forstand. Formuleringane om randstoneaktivitet gir rom for å definere organisering av vanlege samarbeidsprosjekt inn under slik aktivitet. Eit eksempel på dette kan vere prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd eller EU, der prosjektleiing og felles økonomistyring for heile prosjektet er lagt til koordinatorinstitusjon (prosjektleiari) for prosjektet. I slike tilfelle vil ein institusjon ta på seg eit ansvar på vegne av ein eller fleire andre partar i prosjektet. Det er som regel krav om konsortieavtalar for slikt samarbeid frå finansieringskjelda si side. Som regel vil slik koordineringsaktivitet i seg sjølv vere bidragsfinansiert frå den institusjon som tek på seg ansvaret. Med ei slik tolking vil kvar einskild institusjon få ei omfattande mengd randstoneinstitusjonar. Det er eit spørsmål om slik aktivitet i utgangspunktet var tenkt kategorisert som randstoneverksemd. Høgskulen i Bergen vil difor tilrå at omgrepet *randstoneaktivitet* vert klarare definert og avgrensa.

Høyringsutkastet er heller ikkje eintydig på korleis ein bør handtere eigenfinansiering retta mot BOV som er organisert i randstoneselskap. Noregs forskingsråd set for eksempel krav til eigenfinansiering av næringsutviklingsaktivitetar (FORNY-programmet). UoH-sektoren set i stor grad ut slik aktivitet i eigne selskap, der gjerne fleire institusjonar samarbeider. Vi ber departementet vurdere om reglane for handtering av eigenfinansiering av slik aktivitet frå basisbudsjettet er optimale.

Med helsing



Eli Bergsvik  
Rektor



Nils Mæhle  
Høgskuledirektør